Avdeling for allmenne fag

EKSAMEN
I
3004 FORRETNINGSJUS

03.06.2002

Tid:	4 timer
Målform:	Bokmål/nynorsk
Sidetal:	4 + framside
Hjelpemiddel:	Noregs Lover og/eller annen offisiell lovtekst uten kommentarer, for eksempel Gundersen/Faafeng jr., Lov og rett for næringslivet, bind II
Merknader:	• Til veiledning for tidsbruken under eksamen antydes, at det kan være rimelig å bruke omtrent 40 minutter på hver av oppgavene I, II og IV, og omtrent 2 timer på oppgave III. • Alle spørsmål skal besvares. • Alle svar skal begrunnes. • Det skal vises til relevante lovbestemmelser.

Eksamensresultata blir offentliggjort på lister med kandidatnummer, lagt i hyllene ved eksamensoppslagstavla, eller du kan gå inn på Arena høgskole – da trenger du heller ikke kandidatnummeret.

BOKMÅL

Oppgave I

Marte Kirkerud har arvet et maleri utført av maleren Hans Andreas Dahl (1881-1919). Han var sønn av den kjente maleren Hans Dahl (1849-1937). Martes maleri var signert Hans Dahl; det var nemlig ikke uvanlig at sønnen som malte i samme stil og de samme motiver – sløyfet mellomnavnet.

Marte averterte maleriet for salg. I annonsen skrev hun bl.a. "Landskapsmaleri av Hans Dahl selges for kr. 10.000. Ikke oppkjøpere." Marte fikk telefon fra en mann som presenterte seg som Hans Mørk, og som gjerne ville se bildet. Da mannen kom hjem til Marte, gjenkjente hun ham straks som kunsthandler Ole Vold, men hun hadde ikke lyst til å si noe. Hun regnet også med at han slett ikke ville være interessert i bildet, bl.a. fordi det ikke var særlig billig. Stor ble Martes forbauselse da kunsthandleren, etter en kort inspeksjon, med dårlig skjult iver sa at han slo til. Marte skjønte da at kunsthandleren måtte tro at bildet var utført av den kjente maler, og ikke hans sønn. Men hun sa ingenting. Handelen ble gjennomført.

Noen dager etter krevde kunsthandleren kjøpet omgjort. Han hevdet at avtalen var ugyldig. Han hadde selvfølgelig gått ut i fra at opphavsmannen svarte til signaturen (og opplysningen i annonsen), hvilket Marte måtte ha skjønt. At prisen ikke var særlig høy, var irrelevant. Han var overhodet ikke interessert i å kjøpe bilder av tredjerangs malere. Marte hevdet at avtalen var gyldig.

Spm. 1: Er avtalen mellom Marte Kirkerud og Ole Vold ugyldig, som følge av Marte Kirkeruds uriktige opplysninger? Du skal både drøfte:

a) forholdet til den generelle ugyldighetsregel, og
b) forholdet til spesielle ugyldighetsregler som kan være relevante.

Oppgave II

Lars Holm er bonde og inngår en avtale med Felleskjøpet AS om kjøp av en traktor til kr. 300.000. Leveringstiden avtales til 1. april. Lars Holm selger sin gamle traktor.

Den 15. mars gir Felleskjøpet AS beskjed om at leveringen vil bli 14 dager forsinket fordi importøren har varslet at traktoren vil bli levert to uker for sent. Den 8. april tar Felleskjøpet AS på nytt kontakt og varsler at traktoren ikke kan levers før 25. mai. Grunnen er at importøren helt uventet har gått konkurs. Traktoren er ikke lagervare og det er leveringstid på den.

Ved henvendelsen den 8. april gir Felleskjøpet AS beskjed om at traktoren kan leveres om en uke dersom Lars godtar en traktor med noe mindre motor. Men Lars ønsker ikke en mindre motor, og godtar derfor ikke noen annen traktor. Felleskjøpet AS garanterer traktoren kontraktsmessig levert 25. mai, og det er på det rene at traktoren vil være klar til levering på dette tidspunktet.

Lars Holm fremsetter straks krav om heving av kjøpet, og krever erstatning for tapt fortjeneste som følge av at han ikke har hatt traktor til bruk i våronna. Felleskjøpet AS bestrider kravene. Felleskjøpet AS har traktoren leveringsklar 25. mai. Lars har ikke gått til innkjøp av noen annen traktor, men han står på sitt.

Spm. 2: Har Lars Holm rett til å heve kjøpet av traktoren?

Spm. 3: Kan Lars Holm kreve erstatning for tapt fortjeneste som følge av at han ikke har hatt traktor til bruk under våronna? Ta stilling til om:

a) det foreligger et ansvarsgrunnlag, og
b) om tapt fortjeneste kan kreves erstattet.

Spm. 4: Vi tenker oss at Lars Holm leier en traktor i tiden fra 1. april til 25. mai, og at han betaler vanlig leie. Kan Lars Holm kreve at Felleskjøpet AS erstatter hans utlegg til leie av traktor?

Oppgave III

Peder Ås var i sterk pengeknipe. Dette vet Caroline Vold, og hun tilbyr seg å låne Peder penger – kr. 5.000,-.
Hun ser da en mulighet til å benytte seg av Peders uvitenhet, og ber han om å undertegne et gjeldsbrev. Peder så ikke konsekvensen, og gledet seg til en morsom fredagskveld på Kroa. Han skrev villig under:

"Omsetningsgjeldsbrev
Jeg, Peder Ås, forplikter meg til å betale til Caroline Vold 5.000 kr med renter og avdrag hver måned med 550 kr i 10 mnd.
Peder Ås"

Peder hadde ikke peiling på pengekravsrett. Han ga dokumentet til Caroline. Han så verken noe til pengene eller den etterlengta pilsen på Kroa. I mellomtiden solgte Caroline gjeldsbrevet til Ole Stray.

Ole Stray krever betaling av renter og avdrag av Peder Ås. Peder Ås mener han ikke er forpliktet, da han ikke har sett noe til pengene.

Spm. 5: Er Peder Ås forpliktet til å betale pengene til Ole Stray?

Oppgave IV

Spm. 6: Angi syv typer (kategorier) rettsklidefaktorer som er anerkjente i norsk rett og gi en nærmere forklaring til hver av disse faktorene.

NYNORSK

Oppgåve I

Marte Kirkerud har arva eit måleri laga av målaren Hans Andres Dahl (1881-1919). Han var son av den kjende målaren Hans Dahl (1849-1937). Martes måleri var signera Hans Dahl; det var nemleg ikkje uvanleg at sonen – som måla i same stil og dei same motiv – sløyfa mellomnamnet.

Marte avertera måleriet til sals. I annonsen skreiv ho m.a. "Landskapsmåleri av Hans Dahl er til sals for kr. 10.000. Inga oppkjøpar." Marte fekk telefon frå ein mann som presentera seg som Hans Mørk, og som ynskja å sjå biletet. Da mannen kom heim til Marte, kjende ho han straks att som kunsthandlar Ole Vold, men ho hadde ikkje lyst til å seie noko. Ho regna også med at han slett ikkje ville vere interessera i biletet, m.a. fordi det ikkje var vidare rimeleg. Stor blei Martes forundring da kunsthandlaren, etter ein kort inspeksjon, med dårleg skjult iver sa at han slo til. Marte skjøna da at kunsthandlaren måtte tru at biletet var laga av den kjende målaren, og ikkje hans son. Men ho sa ikkje noko. Handelen blei avslutta.

Nokre dagar etter kravde kunsthandlaren kjøpet gjord om. Han hevda at avtala var ugyldig. Han hadde sjølvsagt gått ut i frå at opphavsmannen svara til signaturen (og opplysninga i annonsen), noko som Marte måtte ha skjøna. At prisen ikkje var særleg høg, var ikkje relevant. Han var på inga måte interessera i å kjøpe bilete av tredjerangs målarar. Marte hevda at avtala var gyldig.

Spm. 1: Er avtala mellom Marte Kirkerud og Ole Vold ugyldig, som fylgje av Marte Kirkeruds uriktige opplysningar? Du skal både drøfte:

a) i høve den generelle ugyldighetsregel, og
b) i høve spesielle ugyldighetreglar som kan være relevante.

Oppgåve II

Lars Holm er bonde, og gjeng inn på ei avtale med Felleskjøpet AS om kjøp av ein traktor til kr. 300.000. Leveringstida avtalast til 1. april. Lars Holm sel sin gamle traktor.

Den 15. mars gjev Felleskjøpet AS melding om at leveringa vil bli 14 dagar forsinka, fordi importøren har varsla at traktoren vil bli levera to veker forsinka. Den 8. april tek Felleskjøpet AS på ny kontakt, og varslar at traktoren ikkje kan leverast før 25. mai. Grunnen er at importøren heilt uventa har gått konkurs. Traktoren er ikkje lagervare og det er leveringtid på den.

Ved kontakt den 8. april gjev Felleskjøpet AS melding om at traktoren kan leverast om ei veke, dersom Lars godtar ein traktor med noko mindre motor. Men Lars ynskjer ikkje noko mindre motor, og godtar derfor ikkje nokon annan traktor. Felleskjøpet AS garanterar traktoren kontraktmessig levera 25. mai, og det er på det reine at traktoren vil vere klar til levering på dette tidspunktet.

Lars Holm set straks fram krav om heving av kjøpet, og krev erstatning for tapt forteneste som fylgje av at han ikkje har hatt traktoren til bruk i våronna. Felleskjøpet AS motset seg krava. Felleskjøpet AS har traktoren leveringsklar 25. mai. Lars har ikkje kjøpt nokon annan traktor, men han held fast på kravet om heving.

Spm. 2: Har Lars Holm rett til å heve kjøpet av traktoren?

Spm. 3: Kan Lars Holm krevje erstatning for tapt forteneste fordi at han ikkje har hatt traktoren til bruk under våronna? Ta stilling til om:

a) det ligg føre eit ansvarsgrunnlag, og
b) om tapt forteneste kan krevjast erstatta.

Spm. 4: Vi tenkjer oss at Lars Holm leiger ein traktor i tida frå 1. april til 25. mai, og at han betalar vanleg leige. Kan Lars Holm krevje at Felleskjøpet AS skal erstatte utlegget han har hatt til leige av traktor?

Oppgåve III

Peder Ås var i sterk mangel på pengar. Dette veit Caroline Vold, og ho gjev Peder eit tilbod om å låne han pengar – kr. 5.000,-.
Ho ser da eit høve til å nytta seg av Peder Ås' sin manglande kunnskap om kontraktstilhøve m.m, og ber han underteikne eit gjeldsbrev. Peder, som mest av alt såg fram til ein morosam fredagskveld på Kroa, skreiv villig under, utan å tenkje at dette kunne få følgjer. Han skreiv under på:

"Omsetningsgjeldsbrev
Eg, Peder Ås, pliktar å betala til Caroline Vold 5.000 kr med rente og avdrag kvar måned med 550 kr i 10 mnd.
Peder Ås"

Peder hadde ikkje peiling på pengekravsrett. Han gav dokumentet til Caroline. Han såg verken noko til pengane eller til den etterlengta pilsen på Kroa. I mellomtida selde Caroline gjeldsbrevet til Ole Stray.

Ole Stray krev betaling av renter og avdrag av Peder Ås. Peder Ås meiner at han ikkje er plikta til å betala, da han ikkje har sett noko til pengane.

Spm. 5: Er Peder Ås plikta til å betala pengane til Ole Stray?

Oppgåve IV

Spm. 6: Gjer nærare greie for sju ulike typar (kategoriar) av rettskjeldefaktorar, som vert sett på som dei viktigaste innan norsk rett.